

ÅRSMELDING FOR DRIFTSÅRET 2013 - PÅSKA 2014

Medlemstalet ved årsskiftet var 62. (medlemmer som har betalt kontingent)

Vi hadde ved årsskiftet kr 78.745.-- på medlemskonto. Inklusive tilskot frå Gjensidigefondet, til turstien, på kr. 24.675.- (dette er 75% av 32.900.- som er hele tilskuddet) Økonomien i foreininga er tilfredsstillande.

Tillitsvalde:

Leiar – Kjell Rune Gangsø

Nestleiar – Jan Silden

Styremedlem/sekretær – Paul Sundnes

Styremedlem – Geir Kvalheim

Kasserer- Kjell Rune Gangsø

(Kasseraroppdraget – har Gangsø teke på seg, da Geir Kvalheim ikkje kunne ta dette pga egen jobbsituasjon)

Styret har hatt 3 styremøte i funksjonsåret (påske til påske). Referat frå alle styremøte kan lesast på [www.silda.com /silda](http://www.silda.com/silda) velforening/

Aktivitetar gjennomførde i 2013

1. Rydding av stien frå Nordsildavegen til Martereva vart gjennomført. Det vart lagt ut tredekke på tre svært våte delar av stien.
2. På tredekka vart det hausten 2013 strekt notlin, for å unngå glatte treplankar.
3. Grillfest på skuleplassen. Veret slo til og mange møtte fram. Det vart gjennomført leikar for barna og hesteskokasting.
4. Rebusløp. Lite frammøte/påmelding. Hovudpremie middag for to var sponsa av Skjærbuda/Jarle.
5. På årsmøtet påska 2013 vart det stilt spørsmål om foreininga nytta ulike tilskotsordningar. Det vart nemnt div. fond .
 - a. Silda velforening fekk tilslag på Yvonne sin søknad til Gjensidigefondet. Laget fekk kr 32.900.- til rydding og merking av stiar, med oppsetting av kvilebenkar, informasjonsstavler m.m. Styret har utarbeidd kart med merke som, etter høyring/godkjenning på årsmøtet, vert sett i produksjon, for oppsetting i sommar. To sittebenkar vert bestilt for fastbolting i fjell
 - b. Styret fekk tilbod frå Norgesrampen A/S om ein gratis rampe til Silda. Tilskudd frå Frifond, kr 22.625.- dekket leveransen av rampen. Rampen må monteres. Styret har drøfta kvar ein slik rampe kan plasserast til minst mogleg sjenanse.
6. Anløp av «Bergensbåten». Styret ha sendt formeldt brev til rederiet, men får ikkje svar, verken på e-post eller brev.

Heimesida: www.silda.com -orientering.

Heimesida (joomla) vart utvikla av ein «vågsøyperson» i 2009, etter initiativ frå styret. Den kosta den gongen kr 6000 , men det følgde ikkje med nokon supportavtale. Kunnskapen til å oppdatere og utvikle heimesida var ikkje tilstades og lite support/fagleg hjelp kunne skaffast, utan å pådra oss utgifter. Sida skulle/burde ha ein meldingplass open for alle. Denne vart vanskeleg å bruke grunna ein spam/kontoller som det var vanskeleg å bruke, den vart derfor fjerna etter tilråding frå utviklaren.

I månadsskiftet oktober/november 2013 vart heimesida utsett for eit «dosangrep», som førte til overfylt lagerplass/hotel. (dette er angrep som ein del har moro av å utføre mot uverna sider)

Styret fekk tilbod på å starte oppatt sida, med support frå utviklaren. Prisane var 12.000 /4000 pr år.

Paul fekk kontakt med ein kar som hadde kunnskap om heimesider i «wordpress» (det same programmet som Einar Rune brukte) Paul fekk avtale om utvikling av rammeverket for kr 3000 og support/opplæring ved behov. Delar av informasjonen var på plass no til påska, (- styre-, årsmøteprotokollar årsmeldingar og litt informasjon)

Leiaren i styret, Søvli Silden.